



Arbeidet med den første tomannsbustaden har kome langt.

Arbeidet med reisinga av den første tomannsbustaden i det populære Hagetunet har kome langt på stutt tid.

**Ikkje berre den, men også dei to andre tomannsbustadane er selde.
Det opplyser dagleg leiar i Uskedalen eigedom Johannes Hjørnevåg til uskedalen.no**



Godt å jobba inne i ruskeveret i dag. Frå venstre står Øystein Skår (Nedrevåg Trevare, frå Seimsfoss), Arild Lunde (Nedrevåg Trevare, frå Mauranger) og Oddvar Mehl (Sjølvstendig næringsdrivande, frå Rosendal)

Det er Nedrevåg Trevare som har treentreprisen i Hagetunet og den første bustaden skal vera ferdig og bli teken i bruk ved årsskiftet.



Andreas Opheim Pedersen (Nedrevåg Trevare, frå Omvikdalen) i arbeid ute på den første tomannsbustaden.

Arbeidet med nummer 2 og 3 startar samtidig og umiddelbart etterpå og dei skal innflyttast i april og mai.

Alle 6 leilegheitene i dei 3 husa får eit bruksareal på 91 kvadratmeter. Alle dei 18 bueingane som dette bustadområdet omfattar skal vera innflytta i mai, 12 av dei allereie til jul.

Interessa for prosjektet har vore så stor at Hjørnevåg har etterlyst meir byggjegrund gjennom uskedalen.no

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen